

Opplysningar om angrerett

Du har rett til å gå ifrå denne avtalen i løpet av 14 dagar utan å grunngi dette. Angreristen går ut 14 dagar etter at avtalen vart inngått.

For å kunne bruke angreretten må du opplyse oss i

Wattn AS
Postboks 1500
6025 Ålesund

Tlf. 70 10 20 10
E-post: hei@wattn.no

på ein eintydig måte om at du vel å gå ifrå avtalen (t.d. i eit brev sendt i posten eller e-post). Du kan bruke det vedlagte angreskjemaet, men det er ikkje obligatorisk.

For å overhalde angreristen, er det nok at du sender melding om at du vil bruke angreretten før angreristen går ut.

Verknadene av å bruke angreretten

Dersom du vel å gå ifrå denne avtalen, vil vi tilbakebetale evt. kostnader medrekna leveringskostnadene dersom du er blitt belastet for dette. Tilbakebetaling vil skje via påfølgande faktura. Retur av fysiske einheiter skal sendast til oss via vedlagt returseddel. **Merk!** Om du har ikkje har tatt vare på denne returseddelen, må du dekke returkostnadane sjølv.

I alle tilfelle vil det ikkje kome noko gebyr som følgje av tilbakebetalinga.

Oppstart av levering før utløpet av angreristen

Dersom du har bede om at utføringa av tenestene (medrekna levering av vatn/gass/elektrisitet/fjernvarme) skal ta til før angreristen går ut, skal du betale oss eit beløp som står i forhold til det som er utført eller levert fram til du gav oss melding om at du ønskte å gå ifrå avtalen, samanlikna med full oppfylling av avtalen.

Med venleg helsing
Wattn AS

Angrerettsskjema
Fyll ut og returner vedlagt angrerettsskjema **berre** om du ønsker å gå frå avtalen.

Angreskjema

ved kjøp av varer og tenester som ikkje er finansielle tenester

Fyll ut og returner dette skjemaet dersom du ønskjer å gå ifrå avtalen.

Utfylt skjema sender du til:

(den næringsdrivande skal setje inn namnet sitt, geografisk adresse og e-postadresse)

Eg/vi gir med dette melding om at eg/vi ønskjer å gå ifrå avtalen om kjøp av: (set kryss)

varer (spesifiser på linjene nedanfor)

tenester (spesifiser på linjene nedanfor)

Set kryss og dato:

Avtalen vart inngått (dato) _____ (ved kjøp av tenester)

Varen vart teken imot (dato) _____ (ved kjøp av varer)

Namn på forbrukaren/forbrukarane:

Adresse til forbrukaren/forbrukarane:

Dato: _____

Underskrift av forbrukaren/forbrukarane (dersom ein nyttar papirskjema)